

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordfører gir slikt svar:

«Storfjord» har gått i ferjesambandet Leirvåg-Sløvåg i vel to månader. I denne perioden har det vore svært mange dagar med dårleg vær, der fleire av ferjesambanda langs kysten har innstilt drifta. Både vindstyrken og vindretninga gjer det utfordrande å oppretthalde ønska frekvens.

Ferja «Storfjord» har god maskinutrustning og thrustere i staden for vanleg propell-anlegg. Mannskapet om bord er det same som har betjent ferja «Melderskin», og er soleis eit erfarent mannskap og godt kjend med sambandet. I innkøyringsfasen har det vore naudsynt med tilvenning til ny teknologi, der det er grunn til å tru at denne innkøyringsfasen no er over.

Værproblema dei siste dagane har imidlertid medført innstilte avgangar. Ut frå opplysningar Skyss kjenner til, er ferja meir eigna til betjening av sambandet enn «Melderskin», som gjekk i sambandet fram til årsskiftet. Mannskapet er av den oppfatning at «Melderskin» truleg ville ha hatt enda fleire kansellerte turar enn det som er registrert med bruk av ferja «Storfjord».